



OG Arkitekter  
Heidi Bjerknæs  
Kanalvn 11  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4349 - 15/27524

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
25.08.2015

## Mellombels bruksløyve - gbnr 234/74 Eide Ytre - Ostertunet tilbygg

**Tiltakshavar:** Lindås kommune v/Eigedomsavdelinga

**Ansvarleg søkjar:** OG Arkitekter AS, 5068 Bergen

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.05.2013 (rammeløyve). Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Ferdigstillelse av sprinkleranlegg.

Mellombels bruksløyve gjeld «resterende deler av tilbygget» .

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.06.2015 og supplerande informasjon motteken 18.08.2015.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring

Adresse:	Eidavegen 516
Bygningstiltak:	Bo- og behandlingssenter
Bygningsnummer:	300489402
Bruksareal:	1566 m <sup>2</sup>
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Kommunalt



#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tilbygg på gnr. 234, bnr. 74 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: «resterende deler av tilbygget», omsorgsbustader
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.12.2015.

#### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4349

#### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2	Pbl § 20-1	Gebyr
10.2.8	Mellombels bruksløyve	Kr. 2.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

#### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

#### **Mottakarar:**

OG Arkitekter

Kanalvn 11

5068

BERGEN

